

# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 14/2009

Møtedato: 9.3.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## Søknad om jaktprøve

Norsk irsksetter klubb søker om å få arrangere si årlege haustjaktpøeve i allmenningen den 29.- 30.8.09.

I følgje hundeloven § 8 kan jakthundtrening, jakthundprøver og dressur berre skje med samtykke av grunneigaren eller den som har en allmenn bruksrett til eigedomen. For statsallmenningane gir fjellstyret samtykke.

Klubben søker om å nedsett leige frå kr 80 til kr 50 pr startande hund. Bakgrunn for søknaden er at klubben går i underskot på arrangementet som følgje av stor auke i dommarutgiftene. I følgje budsjettet vil arrangementet gå med eit underskot på kr 8380.

### Vedtak:

1. Prøvedato: 29.-30.august 2009.
2. Areal: Grønsenn nord, Grønsenn sør, Flyin og Gomostølen. Prøve ved Bjødnhøvd blir ikkje godkjent.
3. Slepp: Kun 2 hundar lause på same tid. Det skal ikkje sleppast hundar i nærleiken av bufe.
4. Retur: Deltakarane skal følgje partiet under prøva. Dersom ein representant frå klubben følgjer dei tidlege utslegne deltakarane tilbake til parkeringsplassen, er det tillate at ei gruppe kan forlate partiet. Retur langs veg blir rekna på lik line med retur i terrenget.
5. Rapport: Klubben pliktar straks å rapportere til dyreeigar/dyrevernsnemnda og fjelloppsyn/politi alle tilfelle der det kan vera mistanke om at beitedyr er jaga. Klubben pliktar å sende inn vedlagt rapportskjema til fjellstyret først måndag etter prøva.
6. Varsling: Klubben pliktar å varsle dyrevernsnemnda om når og kvar det blir arrangert jaktpøeve.
7. Pris: Kr 70 pr startande hund - betalast inn til bankgiro 2153 07 04561 innan 1 månad frå prøvedato.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.3.09

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: NISK